

JOSTEDAL GRUNNEIGARLAG
JOSTEDAL BONDELAG

Jostedal 2. august 2011

NORGES VASSDRAGS OG
ENERGIDIREKTORAT

HØYRINGSUTTALE TIL KONSESJONSSØKNAD OM UTBYGGING AV VESTSIDEELVANE I JOSTEDAL

Jostedal grunneigarlag vedtok på styremøte 12 februar og 22 oktober 1980 å sende krav om at Sagerøyelva og Sperleelva måtte regulerast bort.

Likeeins vart det på årsmøte 10. mai 1980 vedteke å tilrå at nevnte elvar måtte regulerast bort. Utbyggingsplanar vart etterlyst på årsmøte 24. april 1990.

For Jostedal grunneigarlag er det viktig å få på plass ei flaumdemping av vestsideelvane.

Etter at statkraft har gått ut og sagt at dei ikkje kan garantere full effekt på flaumdempinga synest me det er på plass med ein kommentar.

Det er viktig at Statkraft utformar bekkeinntaka slik at det vert minst muleg problem med atetting av inntak ved flaum.

Likeeins er det viktig at det vert adgang med graveutstyr ved inntaka spesielt i Sagerøyelva og Sperleelvi, for å halde desse reine. Det er viktig at Statkraft held rister og område over inntak reint og fritt for fremmedelement før og etter flaum

Dette betyr etter vår meining at det bør byggjast ein veg opp til desse to omtala inntaka.

Elvane fungerer i dag som grenser mellom forskjellige beiter. Etter ei utbygging vil ein oppleve at grunneigarar får problem med dette. Statkraft må få til ein avtale med dei aktuelle grunneigarane for å avtale ei årleg støtte til dei som må setje opp ny hegning og gjennomføre det årlege vedlikehald.

Jostedal grunneigarlag meiner at tunnelmassane må deponerast slik at den kan nyttast av grunneigarar i Jostedal ved seinare anledningar.

Jostedal grunneigarlag
v/Laila Gjerde



Kopi: Luster Kommune

Jostedal bondelag
v/Kristen Alsmo

